

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 29. juni 2025

Stad: Kommunestyresalen i Hol kommune

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sissel Hovland	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune
Bente Rudrud Herdlevær	Nesbyen kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune.

Anders Wengen (V)
Marianne Werp (H)
Hilde Aarø (adm)

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

SAK 40/25 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 13. JUNI 2025**Vedtak:**

Protokollen frå møte 13. juni 2025 er godkjent.

SAK 41/25 SLUTTRAPPORT ETABLERINGSPROSJEKTET CAMPUS HALLINGDAL.

Rektor ved USN Pia Bing-Jonsson orienterte om søkartal og om kva tankar USN har for drift Av Campus Hallingdal vidare. Regionrådet er samde om at Hallingdal og Gol kommune skal fortsette utviklinga av Campus Hallingdal saman med USN

Vedtak:

1. Sluttrapporten på etableringsprosjektet Campus Hallingdal blir tatt til orientering
2. Regionrådet ber administrasjonen utarbeide eit utkast til samarbeidsavtale i samarbeid med USN

SAK 42/25 MØTE MED NY DIREKTØR I NAV VEST-VIKEN

Laila Gustavsen, ny direktør i NAV Vest-Viken presenterte seg og Regionrådet vart informert om- og drøfta ulike tema som tiltaksbudsjettet, arbeidsinkludering, arbeidsmarknad, rekruttering og integrering. Bjørn Skjelseth deltok i møte

SAK 43/25 UTVIKLING AV KOMMUNALE SENGER PÅ SJUKESTUGU**Vedtak:**

Regionrådet ber administrasjonen og KRU etablere ei arbeidsgruppe som skal:

- Søke midlar og starte opp eit prosjekt med nasjonal interesse med fokus på desentraliserte likeverdige helsetenester i samarbeidet med Hallingdal sjukestugu.
- Sjå på utvikling av tilbodet ved sjukestugu,
- Vurdere korleis ein kan få opp beleggprosenten ved sjukestugu

SAK 44/25 ORIENTERING OM LEGEVAKTSPROESSEN SOM HAR OPPSTART I SEPTEMBER

Proessen med å få på plass ei langsiktig legevaktsavtale i Hallingdal startar opp i september som planlagt. Iselin Haugo Stavn blir prosessleiar.

SAK 45/25 FINANSIERING AV DISTRIKTMUSIKAR OG KOORDINATOR FOR FOLKEMUSIKK**Vedtak:**

Regionrådet ber administrasjonen sette opp eit budsjettforslag basert på 50% stilling som koordinator for folkemusikk og to 50% stillingar som distriktmusikar. Dette må koordinerast med KRU.

SAK 46/25 KREMATORIUM PÅ HØNEFOSS. ORIENTERING VED KARSTEN

Det har kome eit spørsmål frå Ringerike om Hallingdal vil vera med på ei utgreiing av krematorium på Hønefoss.

Vedtak:

Regionrådet vedtek at Hallingdal skal delta i arbeidet og er einige om at administrasjonen i Nesbyen representerer Hallingdal i denne saka.

SAK 47/25 PARKDRESS – DRØFTING**Vedtak:**

Regionrådet inviterer Knut Skinnes til Regionrådsmøte for vidare orientering
Ein ansvarleg frå barnehagen i kvar kommune blir invitert til det same møte

SAK 48/25 NYTT FRÅ SAMFERDSELSUTVALET

Det har vore hyppig kontakt mellom samferdselsutvalet, BFK, SVV og Vegdirektoratet dei siste to vekene. Me jobbar mest med å få på plass finansiering av vegpakke Hallingdal og oppstart av bompengepropp på denne strekninga. Vegdirektoratet si oppstart på bompengeproppen skal starte i haust.

SAK 49/25 EVENTUELT**Info frå fylket**

Finansiering av utanforskap
Satsing på beredskap - Totalberedskap AS

Utarbeiding av regional ROS – finansiering

Hallingdalskommunane er i gong med utarbeiding av Regional ROS. Om det kjem kostnader til prosjektleiar vil det koma sak på dette

Hallingdal Pride

Spørsmål frå Hallingdal Pride v/Heidi Granli

Er det vilje til kommunal koordinert flaggheising frå fredag 24. okt. til 26. okt.?

Alle kommunar er med på det med små variasjonar

Fjellstø Omsorg

Ål og Hol kommune har gått inn på eigarsida i Fjellstø omsorg med 20% kvar. Dette for å sikre tilbod og arbeidsplassar. Det kan bli aktuelt å invitere andre kommunar på sikt

Forvaltningsrevisjon av interkommunale selskap

Ved spørsmål om forvaltningsrevisjon av interkommunale selskap må alle deltakande kommunar vera einig i at dei ønskjer å bruke midlar på dette

Vinn Fontenehus

Gol kommune skal på studietur til Bærum i sept. for å sjå på Fontenehus. Dei oppfordrar andre kommunar til å delta om det er ønskjeleg.

Hallingdal, 29. august 2025

for rådsordførar

Jan Olav Helling

Dagleg leiar